

Kultur- og Kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
200606919-8/66/RORN

Bergen, 03. april 2007

## Høyring "Bibliotekreform 2014"

Vedlagt er høyring frå Hordaland fylkeskommune, vedteke i fylkesutvalet 28.mars 2007.

Med helsing



Ruth Ørnholt



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200606919  
Arkivnr. 66  
Sakshandsamar Ørnholt, Ruth

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	06.03.07	24/07
Fylkesutvalet	28.03.07	56/07

## HØYRING - "BIBLIOTEKREFORM 2014"

**Kultur- og ressursutvalet 06.03.07**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna.
- 2 Fylkesutvalet støttar i hovudsak hovudmåla i *Bibliotekreform 2014*. Dersom ein skal lukkast med gjennomføringa av reforma og med vidare utvikling av biblioteka, må det regionale nivået få tydelege oppgåver, overført ansvar og økonomiske ressursar.
- 3 Fylkesutvalet meiner at ei endra Biblioteklov tydleg må vise det regionale ansvaret og oppgåver knytt til kompetanseutvikling, samhandling mellom og utvikling av alle biblioteka i regionen.

**Fylkesutvalet 28.03.07**

**Bjørn Lothe** sette fram slikt forslag:

” Nytt pkt. 4

Fylkesutvalet er skeptisk til ein ny omfattande konsolideringsprosess innan ABM (arkiv, bibliotek, museum). Før ein går i gong med dette i ein bibliotekreform, må ein i alle fall føreta ei grundig evaluering av konsolideringsarbeidet innan museumsfeltet. ”

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Lothe sitt forslag fekk 4 røyster (SV, Sp, V) og fall.

## VEDTAK

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna.
- 2 Fylkesutvalet støttar i hovudsak hovudmåla i *Bibliotekreform 2014*. Dersom ein skal lukkast med gjennomføringa av reforma og med vidare utvikling av biblioteka, må det regionale nivået få tydelege oppgåver, overført ansvar og økonomiske ressursar.
- 3 Fylkesutvalet meiner at ei endra Biblioteklov tydleg må vise det regionale ansvaret og oppgåver knytt til kompetanseutvikling, samhandling mellom og utvikling av alle biblioteka i regionen.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 30. mars 2007

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND  
*Mildrid Bevilgen*



Arkivsak 200606919-5  
Arkivnr. 66  
Saksh. Ørnholt, Ruth

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	06.03.2007
Fylkesutvalet	28.03.2007

## HØYRING - "BIBLIOTEKREFORM 2014"

### SAMANDRAG

Statens organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga "Bibliotekreform 2014" om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet. Utgreiinga var utført av ABM-utvikling på vegne av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet og omfattar alle offentlege bibliotek. Kultur- og kyrkjedepartementet har sendt "Bibliotekreform 2014" på høyring. Høyringsfristen er 01.april 2007.


Bibliotekreform 2014 gir eit godt bilete av ein samla norsk biblioteksektor og dei utfordringane ein står framfor. Visjonen om Norgesbiblioteket skal gjere kunnskap og kultur lett tilgjengeleg for alle uavhengig av geografi og institusjonsgrenser, noko som kan løfte norsk bibliotekvesen på opp på linje med biblioteka i dei andre nordiske landa.

Det trengs ei reform som tek eit samla grep om både organisering og innhaldet i biblioteka, samstundes som ein tek vare på biblioteka sitt samfunnsoppdrag og ikkje mister brukaren av syne.

### FORSLAG TIL INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna.
- 2 Fylkesutvalet støttar i hovudsak hovudmåla i *Bibliotekreform 2014*. Dersom ein skal lukkast med gjennomføringa av reforma og med vidare utvikling av biblioteka, må det regionale nivået få tydelege oppgåver, overført ansvar og økonomiske ressursar.
- 3 Fylkesutvalet meiner at ei endra Biblioteklov tydleg må vise det regionale ansvaret og oppgåver knytt til kompetanseutvikling, samhandling mellom og utvikling av alle biblioteka i regionen.

  
Paul M. Nilsen

  
Ingebjørg Astrup

## **FYLKESRÅDMANNEN, 24.02.2007:**

Statens organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga "Bibliotekreform 2014" om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet. Utgreiinga var utført av ABM-utvikling på vegne av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet og omfattar alle offentlege bibliotek. Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev av 05.01.07 sendt på høyring "Bibliotekreform 2014". Høyringsfristen er sett til 01.04.2007. Vedlagt saka følgjer høyringsbrevet.

Målet for reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek. Dei skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar. Biblioteka skal vere synlege og gi gode og etterspurte tilbod på nettet, i forskning og undervising og i lokalsamfunnet.

Bibliotekutgreiinga består av to hovuddokument; eit omfattande bakgrunnsdokument og eit meir kortfatta dokument med strategiar og tiltak. I tillegg er det laga fleire delutgreiingar.

Dei tre viktigaste elementa i reforma er i følgje høyringsbrevet:

1. Felles nasjonale digitale tenester
2. Norgesbiblioteket – eit nettverk av bibliotek i Noreg, som inneber ei reform av bibliotekstrukturen for å gi eit betre bibliotektilbod til alle. Styrkinga skal skje gjennom samarbeid og samordning av bibliotek.
3. Kompetanseutvikling av tilsette i biblioteksektoren

Dessutan skal det fysiske biblioteket vidareutviklast som ein stad for læring, kulturformidling og som stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteket skal i større grad vere eit unikt og synleg tilbod overalt der brukaren er: på nettet, i forskning og på det lokale biblioteket.

Departementet ber om at høyringsfråsegna blir lagt opp etter ein oppgitt mal der det går tydeleg fram kva for forslag kommentarane gjeld, og at dei blir kommentert i same rekkefølge som i utgreiinga. Det blir særleg bedt om kommentarar knytt til forslaga om ei endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren.

### **1. Generelle kommentarar**

Bibliotekreform 2014 gir eit godt bilete av ein samla norsk biblioteksektor og dei utfordringane ein står framfor. Visjonen om Norgesbiblioteket skal gjere kunnskap og kultur lett tilgjengeleg for alle uavhengig av geografi og institusjonsgrensar, noko som kan løfte norsk bibliotekvesen på opp på linje med biblioteka i dei andre nordiske landa.

Det trengs ei reform som tek eit samla grep om både organisering og innhaldet i biblioteka, samstundes som ein tek vare på biblioteka sitt samfunnsoppdrag og ikkje mister brukaren av syne.

Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak hovudmåla i reforma som gjeld for tidsrommet 2008-2014. Realisering må skje i eit tett samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Reforma har ein høg prislapp og det er naudsynt med sterk prioritering dersom ein ikkje får tilført nok midlar over statsbudsjettet.

Hordaland fylkeskommune meiner at dersom ein skal lukkast med gjennomføringa av Bibliotekreform 2014, må det regionale nivået få tydelege oppgåver og overført ansvar og økonomiske ressursar.

### **2. Kommentar til dei einskilde forslaga**

**STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 1: INNHALD OG TENESTER I NORGESBIBLIOTEKET**

## **Strategi 1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester**

Samla mål:

- Eit digitalt abm-program skal gi alle enkel tilgang til digitale innhaldsressursar i arkiv, bibliotek og museum
- Eit norsk digitalt bibliotek skal utvikle gode nettbaserte bibliotektenester
- Biblioteksektoren skal ha ein digital infrastruktur som til einkvar tid er på høgde med den teknologiske utviklinga

### *Tiltak Etablere abm-portal*

Det er ikkje behov for å utvikle ein portal i tillegg til den nasjonale inngangen til norsk kulturliv og kjelder som Kulturnett Norge representerer. Det bør heller satsast på ei vidareutvikling av tenesta i Kulturnett Norge, som kan tilby eit felles nasjonalt abm-søk.

### *Tiltak: Norsk digitalt bibliotek*

Ein felles digital infrastruktur for abm-sektoren vil kome alle brukarane av ressursane til gode. Felles standardar er naudsynte for å utvikle brukarvenlege og universelt tilgjengelege tenester. Eit fellessøk i norske bibliotekdatabasar vil styrke tilbodet for brukarane.

Tenester i norsk digitalt bibliotek må vere opne og tilgjengelege i brukarstyrte løysingar. Det må tas høgde for at brukarane blir meir og meir avanserte, og ønskjer å setje saman sine egne tenester. Norsk digitalt bibliotek bør drifte store nasjonale tenester, for å sikre tilgang og kontinuitet for alle brukarar.

Norsk digitalt bibliotek kan ikkje erstatte lokale inngangar til nettbaserte ressursar, men vere eit tilbod som alle bibliotek kan gi sine brukarar. Kvant enkelt bibliotek eller samarbeidande bibliotek bør ha egne nettstader med tilgang til lokale og nasjonale ressursar som utviklast og oppdaterast lokalt.

### *Tiltak: Gi tilgang til sentrale kunnskapkjelder gjennom lisensar og andre vederlagsordningar*

Realisering av dette tiltaket vil gi alle biblioteka tilgang til norske kjelder som allereie er digitalisert (leksikon, ordbøker, tidsskrift og aviser), og bør gjennomførast snarast.

Hordaland fylkeskommune meiner at utviklinga av ein abm-portal bør sjåast i samheng med utviklinga av Kulturnett Norge, men støttar elles måla for strategi 1.1. Ei nasjonal satsing på å tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester for alle brukarar, må prioriterast. Nasjonale bibliotektenester bør utviklast både sentralt og lokalt, og i nært samarbeid med biblioteka.

## **Strategi 1.2 Digitalisere viktige innhaldsressursar**

Målet er at brukarane skal ha tilgang til viktig materiale i digitalisert form.

### *Tiltak: Program for digitalisering av materiale i arkiv, bibliotek og museum:*

Dette er viktig for at alle skal få tilgang til kulturarven i digital form. Ei overordna nasjonal satsing på digitalisering av innhald og utvikling av ressursar for langtidslagring av innhald, er naudsynt for å sikre tilgangen til ressursane.

Hordaland fylkeskommune støttar målet for strategi 1.2 og er positiv til arbeidet med å digitalisere viktige innhaldsressursar.

## **Strategi 1.3 Utvikle nye digitale tenester**

Målet er at biblioteka skal ligge i front i bruk av ny teknologi og levere gode digitale tenester.

### *Tiltak: Stimulering til utprøving av nye IKT-tenester og -løysingar*

Ved å gjere digitalt innhald og nettbaserte tenester tilgjengelege for alle, kan også små kommunar med lite ressursar til å drive folkebibliotek, tilby gode tenester til brukarane. Gode prosjekt innanfor dette området må prioriterast. For å utvikle gode nettbaserte bibliotektenester, er samarbeid med biblioteka avgjerande. Folkebiblioteka kjenner brukarane og kan fange opp behova i kvar enkelt kommune.

Hordaland fylkeskommune støttar målet for strategi 1.3. Midlar til utviklingsprosjekt bør kanalisert gjennom fylkesbiblioteka, som i samarbeid med Norsk digitalt bibliotek kan stimulere ei utvikling der tenester kan vekse fram lokalt og regionalt.

#### **Strategi 1.4 Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs**

Samla mål:

- Biblioteka skal vere ein kunnskapsbase for formell og uformell læring
- Biblioteka skal vere godt integrert i læringsmiljøa ved utdanningsinstitusjonane
- Biblioteka skal bidra til å styrke informasjonskompetansen hjå studentar, skoleelevar og befolkninga elles

Denne strategien har to dimensjonar: Å gi tilgang til kunnskapskjelder og å kunne tilby eit inspirerande læringsmiljø i form av arbeidsplassar, utstyr og rettleiingskompetanse hjå dei tilsette. Folkebiblioteket er ein naturleg lekk i eit samanhengande system for å styrkje den digitale kompetansen i befolkninga. Dette speglar både eit demokratisk og eit livslangt læringsperspektiv. Skolebiblioteka må tilpassast utstyr, tenester og kompetanse til den digitale skolen. Både folke- og skolebibliotek treng ei systematisk fornying av kompetanse og opprusting av utstyr.

*Tiltak: Utvikle verktøy og metodar for opplæring i informasjonskompetanse*

Universitets- og høgskolebiblioteka har utvikla gode, digitale og sjølvinstruerande verktøy og metodar for dette formålet. I skolen bør slik digital rettleiing integrerast i dei pedagogiske læringsplattformene, og bli ein del av læringsaktivitetane i dei enkelte faga.

Hordaland fylkeskommune støttar måla for strategi 1.4. Samarbeid mellom bibliotek- og utdanningsmynde må vere forpliktande og gi føringar for tilsvarende samarbeid på regionalt og lokalt nivå med ei klar forankring av ansvar. Det er eit stort behov for å utvikle verktøy og metodar for utvikling av informasjonskompetanse i grunnskolen og vidaregåande skole. Utvikling av digitale bibliotektenester må inn i skolen sine IKT-planar.

#### **Strategi 1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka**

Samla mål:

- Biblioteka skal bidra til leselyst og leseferdighet gjennom aktiv litteraturformidling
- Biblioteka skal tilby eit breitt spekter av litteratur og andre kulturuttrykk
- Abm-institusjonane skal styrke lokal identitet og tilhøyre gjennom formidling av lokalhistorie

*Tiltak: Setje i verk eit program for litteraturformidling.*

Folkebiblioteka driv med litteraturformidling, men det er behov for meir. Difor er forslaget om eit eige program for litteraturformidling positivt. Det er behov for både sentralstyrte og regionale tiltak, og det er viktig at feltet får den statusen det fortener og at det blir tilført midlar. Ei god bok som blir godt formidla, vil få eit heilt anna og meir aktivt liv, enn om ho berre står med ryggen til i samlinga. Biblioteka har eit mangfald av bøker og andre media som bør komme fram. Biblioteka har også eit tilbod til dei som er lesesvake.

Folkebiblioteka har personale som ønskjer å arbeide med bokprat og formidlingsteknikk. Dei ønskjer å møte andre bokpratantar for å diskutere og utvikle seg som formidlarar. Fylkesbiblioteka er regionale kursarrangørar som både kan vidareformidle nasjonale satsingar og ta initiativ til kurs sjølve. Til dømes har Hordaland fylkesbibliotek arrangert to bokpratkurs over seks dagars som samla 45 personar frå tre fylke.

Hordaland fylkeskommune støttar eit program for litteraturformidling som gir dette feltet status og tilfører midlar til formidlingstiltak og kurs. Fylkesbiblioteka bør få overført midlar til regionale tiltak.

*Tiltak: Setje av nasjonale midlar til produksjonsstøtte og litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken (DKS)*

Den kulturelle skolesekken treng meir litteratur i sekken. Det er opp til den enkelte region om det blir nye tilbod, og det er vanskeleg å få tak i midlar til produksjonsstøtte. Eit bibliotek kan vere ein god arena for eit DKS-program dersom lokala har plass til det, og biblioteket gir ein meirverdi ved tilgang på bakgrunnsmateriale og supplerande litteratur. Ein bør sikre at produksjonsstøtta når ut til forfattarar i heile landet, til ulike typar litteratur og nyskapande koplingar til andre kunstformer. I utforminga av tiltaka må det vere eit mål å få til eit godt samarbeid mellom DKS, kommunekontaktar, Norsk forfattersentrum, forfattarorganisasjonar, skulestyresmakter, fagfolk ved høgskular, universitet, bibliotek, og bokhandlar.

Hordaland fylkeskommune meiner at ein må prioritere å få meir litteratur i DKS. Nasjonale produksjonsmidlar vil kunne gi fleire program av høg kvalitet, og sikre ei jamnare fordeling av tilbod i landet.

*Tiltak: Utvikle handlingsplan for å styrke bibliotek, arkiv og museer som lokalthistoriske sentre*  
Styrking av bibliotek, arkiv og museer som lokalthistoriske sentrer blir særskild viktig ved at Internett i aukande grad blir nytta til publisering, noko som er med på å uthule dagens lov om pliktavlevering. Lokal overvåking er naudsynt for å få komplette samlingar.

Hordaland fylkeskommune støttar ein handlingsplan for styrking av abm-institusjonane som lokalthistoriske sentre som skissert i Bibliotekreform 2014, men meiner at også fylkeskommunen skal ha ei viktig rolle både i utvikling av ein handlingsplan og i gjennomføringa av ein slik plan.

*Tiltak: Styrke og utvide dei offentlege innkjøpsordningane for litteratur og andre medier*  
Hordaland fylkeskommune støttar framlegget i utgreiinga. Skuleelevar er ei viktig gruppe for litteraturformidling, og difor bør ein også satse på å få bøker ut i skulane. Innkjøpsordninga bør styrkast eller omfordelast slik at skulebibliotek både i grunnskular og vidaregåande skular blir tilgodesette.

### **Strategi 1.6 Styrke biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald**

Samla mål:

- Biblioteka skal bidra til å styrke integrering av innvandrarar i det norske samfunnet
- Biblioteka skal formidle kunnskap om breidda av det kulturelle mangfaldet i Noreg og den ressurs dette er

*Tiltak: Bidra til inkludering av innvandrarar gjennom litteratur- og kunnskapsformidling*  
Hordaland fylkeskommune støttar måla for denne strategien og meiner at Bibliotekreform 2014 gir ein god omtale av korleis biblioteka kan spele ei viktig rolle i det fleirkulturelle samfunnet.

## **STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 2: STRUKTUR OG ORGANISERING**

### **Strategi 2.1 Styrkje og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket**

Målet er at befolkninga skal ha tilgang til gode bibliotektenester gjennom sterkare kompetansemiljø.

*Tiltak: Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar*

Hordaland fylkeskommune er positiv til utvikling av samarbeid mellom folkebibliotek. Samarbeid er viktig og kan gje grobott for betre bibliotektenester i kommunane. Gjennom samarbeid kan ein utnytte biblioteka sine ulike ressursar til beste for brukarane. Det er likevel viktig å understreke at det ikkje er noko automatikk i at større bibliotekkeiningar gjev kvalitativt betre tenester til brukarane av biblioteka. Sameining kan gje grobott for betre tenester, men skaper ikkje dette aleine.

Fylkesbiblioteka har god kunnskap om og tette band til folkebibliotek i dei respektive fylka. Det er derfor naturleg at fylkeskommunen koordinerar utviklinga av biblioteksamarbeid. I Hordaland har ein



gjennom fleire år hausta erfaringar frå ulike modellar for forpliktande samarbeid mellom kommunale folkebibliotek. Samarbeida er regulert gjennom avtaler som inneber pliktar av både personalmessig og økonomisk karakter og har gitt gode resultat. Gjennom å nytte dei ulike biblioteka sin styrke og ressursar på tvers av kommunegrensene, har ein skapt betre bibliotektenester for brukarane.

Hordaland fylkeskommune meiner at konsolidering, slik det er skissert i Bibliotekreform 2014, ikkje kan vere den einaste samarbeidsløysinga for folkebiblioteka. Konsolidering er berre ein modell blant fleire, og erfaringar frå fylket vårt syner at biblioteksamarbeid kan bere frukter gjennom ulike samarbeidsmodellar. Utvikling av gode samarbeidsløysingar og – miljø, krev at ein tek omsyn til lokale forhold og perspektiv som geografi, tilgjengelege ressursar og kommunestorleik. For å få til eit godt biblioteksamarbeid er ein også avhengig av politisk vilje og tru på samarbeid på kommunalt nivå.

Hordaland fylkeskommune støttar målet for strategi 2.1 og er positiv til utvikling av samarbeid mellom folkebibliotek, men kan ikkje gå inn for konsolidering som einaste samarbeidsmodell. Erfaringar frå fylket syner at ein må arbeide med ulike modellar ut frå lokale tilpassingar og føresetnader for å få til forpliktande samarbeid mellom bibliotek. Fylkeskommunen er positiv til å utvikle planar for forpliktande samarbeid mellom biblioteka i fylket og koordinere arbeidet med dette. Skal ein slik prosess lukkast, må staten overføre midlar til fylkeskommunen.

*Tiltak: Iverksette eit program for skolebibliotekutvikling*

Hordaland fylkeskommune støttar dette tiltaket. Utvikling av skolebibliotek i mindre kommunar bør koplatt til folkebiblioteket. Vi har i Hordaland fleire døme på organisatorisk samarbeid mellom folke- og skolebiblioteket i kommunen. Nære og forpliktande samarbeid har ført til betre skulebibliotek og tilført fleire ressursar både til folke- og skolebiblioteket. Kommunar som vel å sjå på heile bibliotektilbodet sitt under eitt, må også få del av midlane som skal gå til konsolidering av bibliotek.

## **Strategi 2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket**

Samla mål:

- Biblioteka skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø
- Biblioteklokala skal vere tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar

*Tiltak: Etablere eit investeringsprogram for biblioteklokale*

For mange bibliotekbrukarar er møte med det fysiske tilbodet eit mobilt bibliotek. Hordaland er det største mobilfylket i landet med sju bokbussar og bokbåt. Bokbussane må fornyast og framstå som attraktive og moderne tilbod.

Statleg tilskot til mobil bibliotekteneste og biblioteklokale, som hadde fylkeskommunal tildeling etter søknad, blei innlemma i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar med verknad frå 2001. Fylkesbiblioteka hadde svært god erfaring med denne ordninga. Som sakshandsamar, fekk fylkesbiblioteka høve til å gi råd i samband med planlegging av nye lokale og fekk samstundes utvikle spisskompetanse på dette feltet.

Hordaland fylkeskommune støttar måla for denne strategien. Investeringsprogrammet må også omfatte mobile bibliotek. Fylkeskommunen må administrere ei eventuell støtteordning for staten.

## **Strategi 2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek**

Samla mål:

- Befolkninga skal møte ein heilskapleg og samla biblioteksektor med klår oppgåvefordeling og gode distribusjonsordningar mellom biblioteka
- Ressursane i biblioteksektoren skal vere tilgjengelege for alle uavhengig av bustadkommune og tilknytning til utdanningsinstitusjon eller arbeidsplass
- Befolkninga skal ha god kunnskap om tilgjengelege bibliotektenester
- Biblioteka skal utvikle gode evalueringsmetodar som grunnlag for utviklingsarbeid

*Tiltak: Etablere transportordning for distribusjon av materiale mellom bibliotek i Noreg*

Ved etablering av ei nasjonal transportordning må det leggest vekt på å gjere transportordninga så effektiv som mogeleg med relativt få knutepunkt. I Hordaland si regionale transportordning må ein del av dokumenta som skal sendast til andre delar i landet gjennom fire omfordelingspunkt før det når mottakaren. Dette er for mange. Transporten tar lengre tid enn den bør og med mange omfordelingspunkt blir det også fleire feilkjelder. Ei nasjonal ordning bør vere mest mogleg einsarta og ingen dokument bør gå gjennom meir enn maksimalt to omfordelingspunkt før det når mottakar.

Hordaland fylkeskommune er i gang med å etablere ei regional transportordning og meiner at ei nasjonal overbygging må vere på plass samtidig som eit nasjonalt samsøk fordi ein då kan forvente ei sterk auking av fjernlån.

*Tiltak: Endre dagens biblioteklovgiving*

Fylkesbiblioteka skal etter Biblioteklova ivareta fjernlånsverksemda i fylket, organisere lånesamarbeid mellom biblioteka, og stå ansvarleg for sin del av ein felles plan for anskaffing og oppbevaring av litteratur (emnefordelingsplanen). Etter at bibliotekatalogane blei tilgjengelege på Internett, er ikkje emnefordelingsplanen lenger eit nødvendig verkemiddel.

Hordaland fylkeskommune er einig i at Biblioteklova må endrast slik at alle bibliotek blir pålagt å delta i biblioteknettverket. Det må sikrast at ressursane som fylkeskommunen i dag nyttar til formålet forblir i bibliotekvesenet, slik at tilfanget av litteratur ikkje blir svekka. I høyringsfråseigna til utgreiinga om fylkesbiblioteket si rolle i framtida (Fylkesutvalssak 84/02) uttalte Hordaland fylkeskommune:

*Hordaland fylkeskommune støttar utvalet i at dei regionale bibliotekenestene må forankrast i ei biblioteklov, at ei revidert lov bør omfatte alle typar bibliotek (folke-, skule-, og fagbibliotek), og at det bør vere ei "rettighetslov" som tek utgangspunkt i brukarperspektivet og eit likeverdig bibliotektilbod for alle. Økonomiske konsekvensar ved ei "rettighetslov" må utgreiast, og kommunane må gjerast i stand til å gjennomføre dette.*

Hordaland fylkeskommune meiner at ei endra Biblioteklov tydleg må vise det regionale ansvaret og oppgåver knytt til kompetanseutvikling, samhandling mellom og utvikling av alle biblioteka i regionen.

## STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 3: KOMPETANSE OG FORSKING

Målområde 3 handlar om morgondagen sitt bibliotek. Bibliotekreform 2014 peiker på at profesjonell støtte til informasjonssøking og læring – i biblioteket og på nettet - er ein av fire hjørnesteinar i framtidsbiblioteket. Bibliotekpersonalet sin kompetanse skaper samanheng mellom biblioteket sitt innhald og tenester. Dette omfattar mellom anna organisering og gjenfinning av informasjon som brukast ved rettleiing og formidling i møte med brukarane.

### Strategi 3.1 Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren

Målet er at befolkninga skal ha tilgang til bibliotek med brei og riktig fordelt kompetanse.

*Tiltak: Etablere eit kompetanseutviklingsprogram*

*Tiltak: Utvikle eit hospiteringsprogram for bibliotektilsette*

Fylkesbiblioteka har eit lovfesta ansvar for å arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål og arrangerer kvart år mange konferansar og kurs av ulik lengde. Hordaland fylkesbiblioteket har vore initiativtakar til fleire kompetansegivande kurs ved Høgskolen i Bergen. Kompetanseplanar bør utarbeidast i nært samarbeid med dei einskilde biblioteka og kursa bør i mest mogleg grad bli arrangert regionalt, slik at flest mogleg kan delta.

Hordaland fylkeskommune støttar tiltak som kan føre til kompetanseutvikling og dermed betre kvalitet i bibliotekenestene, uavhengig av kva for eit bibliotek ein soknar til. Eit utdanningsprogram må ikkje berre rette seg mot dei konsoliderte biblioteka. Det må takast høgde for at framtidig bibliotekstruktur

kan få andre, regionale og lokale modellar. Fylkesbiblioteka vil ha ei viktig rolle i gjennomføring av dette tiltaket.

### **Srategi 3.2 Støtte fagleg utvikling og kunnskapsdeling på tvers av og innanfor dei ulike bibliotekfaglege områda, og som abm-samarbeid**

Samla mål:

- Kunnskap og erfaring i biblioteka skal formidlast og utnyttast effektivt lokalt, nasjonalt og globalt
- Biblioteksektoren skal byggje på relevant forskning om biblioteka sine tenester og biblioteka som samfunnsinstitusjonar
- Abm-områda skal inkluderast i alle relevante forskingsprogram

*Tiltak: opprette nettverksgrupper med deltakarar frå ulike bibliotektypar*

Hordaland fylkeskommune støttar målet i strategi 3.2. Å opprette nettverksgrupper er eit godt tiltak, men det vil ha liten innverknad på den einskilde si faglege utvikling, dersom desse skal etablerast og drivast av ABM-utvikling. Fylkesbiblioteka har oversikt over heile bibliotekmiljøet i sin region, og vil kunne løyse denne oppgåva på ein betre måte enn den sentraliserte modellen som er foreslått.

### **3. Andre kommentar**

*Fylkesbiblioteka i reforma*

Utgreiinga slår fast at dagens fylkesbibliotek må gjennomgå ein omstillingsprosess for å kunne ivareta ei rolle som utviklingsaktør i dei nye regionane. Det regionale nivået bør konsentrere seg om koordinerings- og utviklingsoppgåver, medan driftsoppgåver bør overførast til operative bibliotek.

Hordaland fylkeskommune har sidan 1994, då fylkestinget vedtok landets første fylkesdelplan for bibliotek, vore ein utviklingsaktør på dette feltet. Den fjerde planen i rekka er no under arbeid. Planane har vist seg å vere effektive verkemiddel i arbeidet med å få til ei samla satsing på bibliotekutvikling i fylket. Dei er tverrfaglege og sektorovergripande, og fører til fagleg nettverksbygging og realisering av store bibliotekprosjekt. Bibliotekplanane har gitt retning til og konkretisert bibliotekarbeidet i Hordaland. Strategiar og tiltak har vore med på å styrke fylkeskommunen sin rolle som regional utviklingsaktør og som tenesteytar, og har vore ei drivkraft i nettverksbygging mellom folke-, skule-, fag- og forskingsbibliotek.

Utgreiinga framhever at gjennomføring av Bibliotekreform 2014 blir ei viktig oppgåve for den regionale forvaltninga i åra framover, og at dette må skje i samarbeid og i dialog med kommunane og folkebiblioteka. Den regionale forvaltninga må få tydelege oppgåver, overført ansvar og stimuleringsmidlar for å kunne vere med på realisering av reforma.

Hordaland fylkeskommune løyver ca kr 300.000 til bibliotekprosjekt kvart år. Dette har utløyst statlege og kommunale midlar til større og mindre utviklingsprosjekt. Statlege utviklingsmidlar bør gjennom bibliotekreform 2014 overførast til det regionale biblioteknivået, slik at fylkeskommunen kan få til ei sterkare satsing på bibliotekutvikling i kommunane. Tiltaka må ha forankring både i nasjonale, regionale og kommunale utviklingsplanar på området.

Hordaland fylkeskommune er einig i at fylkesbiblioteka bør overføre driftsoppgåver til operative bibliotek. Drift av mobile bibliotektenester som har eit vidt nedslagsfelt, må likevel kunne forankrast på eit regionalt nivå. Bokbåttenesta – som er eit samarbeidstiltak mellom Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og som går til dei små plassane på Vestlandet, er eit døme på dette.

Målet med reforma er å oppnå eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek som tilbyr gode, relevante og oppdaterte tenester og som samtidig er synlege og gir gode og etterspurte tilbod på nettet, i forskning og undervisning og i lokalsamfunnet. I tillegg til ein nasjonal bibliotekpolitikk treng ein også ein regional politikk for å oppnå dette.